



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Boks 8036 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.
14.2420-

Vår ref.
HS|14-608356

Dato
26.09.2014

Høyringsvar om endring i forskrift til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar

Norsk Målungdom sender med dette inn høyringsvar i samband med høyringa om forskrifta.

Beste helsing
NORSK MÅLUNGDOM

Karl Peder Mork
leiar

Høyringsvar

Bakgrunn

Støtteordninga slik ho fungerer i dag, er eit viktig, om ikkje avgjerande tilskot til den økonomiske drifta av barne- og ungdomsorganisasjonar i Noreg. Norsk Målungdom er ein mange organisasjonar som får størsteparten av vår økonomiske tryggleik frå denne ordninga. Ei endring vil soleis gjera store inngrep i vårt høve til å arbeide med dei politiske sakene vi engasjerer oss i, men ikkje minst vårt tilbod til medlemene – dei born og unge departementet sjølv ønskjer å engasjere.

Når det jamvel står i framlegga at særleg mindre organisasjonar vil merke endringane på pengepungen, blir vi spørjande om kva slags organisasjonsliv ein ønskjer seg.

Våre innspel

Norsk Målungdom er medlem av LNU. Vårt høyringsvar må bli sett i samanheng med LNU sitt svar, datert 27. september.

Vi støtter dette svaret, og dei innspela og framlegg til løysingar dei legg fram.